

## Kjære medarbeidar i kommunen og i sjukehuset,

Det har lenge vore eit ønskje både i kommune- og spesialisthelsetenesta at PLO innleggingsrapport skal kunne sendast som fyrste melding.

No er ei ny teknisk løysing på plass som vil gjere det mogleg for kommunehelsetenesta å sende innleggingsrapport til sjukehuset inntil 24 timar FØR pasienten vert innlagt, slik at viktig informasjon om pasienten kjem til sjukehuset så tidleg som mogleg.

Det betyr at du som jobbar i den kommunale helse- og omsorgstenesta kan sende innleggingsrapport til sjukehuset når pasienten vert lagt inn akutt, eller i forkant av at pasienten leggast inn til planlagt opphald, utan å vente på at sjukehuset skal sende melding om at pasienten er innlagt.

For deg som jobbar i sjukehuset betyr dette at viktig informasjon, som til dømes korleis pasienten er til vanleg og kva legemidlar han eller ho brukar, kan vere tilgjengeleg allereie før pasienten kjem til sjukehuset.

Det er viktig å merke seg at å sende innleggingsrapport som fyrste melding er ei moglegheit, og ikkje eit krav, men vi håpar så mange som mogleg nyttar seg av den. Rett informasjon til rett tid gjer auka pasienttryggleik!

## Nytt innhald i Innleggingsrapporten

I tillegg til at den tekniske løysinga no er på plass, har kommunane og sjukehusa jobba med å forbetre innhaldet i innleggingsrapporten, og er blitt einige om ein ny mal i fritekstfeltet i innleggingsrapporten:

***Kor mange gonger pas får heimesjukepleie per døgn (kor mange besøk, ikkje kor mange minuttar)***

***Kva får pasienten hjelp til? (kort beskriving)***

***Habituell tilstand / funksjonsvurdering:***

- *Kognitiv og psykisk status*
- *Syn/hørsel/språk/behov for tolk og evne til å kommunisere*
- *Mobilitet*
- *ADL*
- *Ernæring*
- *Eliminasjon*

***Smitte***

***Legemidlar (hak av i innleggingsrapporten, skriv i fritekst kva legemidlar pasienten har fått i dag)***

***Spesielle behov/forhold (ekstraordinære forhold som det er viktig å formidle)***

***Kort samanfating av det aktuelle / årsak til innlegging (kva har skjedd, kva er endra)***

***Pårørandeinformatjon (hak av i innleggingsrapporten og skriv i fritekst kva dei er informert om)***

***Mindreårige born (har pasienten mindreårige born og er dei ivaretatt?)***

Desse opplysningane skal vere fylt ut når ein sendar innleggingsrapporten, uavhengig av om ein gjer dette før eller etter sjukehuset har sendt melding om innlagt pasient. Det er sjølv sagt høve til – og ønskjeleg – å skrive fleire opplysningar dersom dette er tilgjengeleg og relevant i den enkelte situasjon.

## Kva betyr dette for deg?

Oppgåve	Medarbeidarar i kommunen
<b>Skrive innleggingsrapport</b>	Fyll ut ny mal i fritekstfeltet, og skriv eventuelt anna relevant informasjon om den er tilgjengeleg.
<b>Sende innleggingsrapport som fyrste melding</b>	<p>Vel det sjukehuset du veit pasienten blir innlagt på eller det sjukehuset pasienten sektoriserar til.</p> <p>Meldingar til <b>Haraldsplass Diakonale sjukehus</b> skal sendast til</p> <p><b>PLO innleggelse somatikk</b> @ <b>109049</b> <b>VIS</b></p> <p>Meldingar til <b>Helse Bergen</b> skal sendast til (vel anten somatikk eller psykiatri)</p> <p><b>PLO innleggelse psykiatri</b> @ <b>97438</b> <b>VIS</b></p> <p><b>PLO innleggelse somatikk</b> @ <b>97439</b> <b>VIS</b></p>
<b>Sjekke mottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Meldinga kan berre sendast til <i>eit</i> sjukehus, og blir ikkje vidaresendt dersom den er sendt til eit anna sjukehus enn der pasienten vert lagt inn.</li> <li>• Du må sjekke om du får «Melding om innlagt pasient» frå det sjukehuset du sendte innleggingsrapporten til</li> <li>• Dersom du får «Melding om innlagt pasient» frå eit anna sjukehus enn det du sendte innleggingsrapporten til, må du sende denne på nytt som svar på «Melding om innlagt pasient».</li> </ul>

Det er ingen endringar i PLO-rutinar for sjukehuset – einaste endringa er at innleggingsrapporten *kan* komme til sjukehuset før sjukehuset har sendt melding om innlagt pasient.

	Medarbeidarar i sjukehuset
<b>I akuttmottak</b>	I akuttmottak kan du finne innleggingsrapporten i journalen til pasienten i dokumentlista med namn «PLO Innleggelsesrapport SO».
<b>På sengepost</b>	Om du jobbar på ein sengepost må du fortsatt sende melding om innlagt pasient på same måte som tidlegare og med same tidsfrist som før. Når det er registrert PLO-kommune på pasienten vil du finne meldingane i PLO-lista som vanleg.

Har du nokre spørsmål, kan du spørje di nærmaste leiar eller kontakte leiar for arbeidsgruppa Innleggingsrapport som fyrste melding, Merete Eide Hernes på e-post eller telefon; [merete.eide.hernes@helse-bergen.no](mailto:merete.eide.hernes@helse-bergen.no) / tlf. 92210253.